



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3858 - 19/35880

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
03.12.2019

## Mellombels bruksløyve for delar av felles uteopphaldsareal felt f\_BUT - gbnr 188/778 793 794 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 718/19

**Tiltakshavar:** Orion Prosjekt AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.01.19.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: naturleikeklass innan f\_BUT.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.2020.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.11.2019.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Bygningstiltak:	Naturleikeklass innan f_BUT
-----------------	-----------------------------



**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve naturleikeplass innan f\_BUT på eigedom gbnr. 188/778, 793 og 794. Mellombels bruksløyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: naturleikeplass innan f\_BUT.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.06.2020.

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling jf. pbl § 21-10, 3.ledd. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3858

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN

**Mottakarar:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Hagellia 6  
AS

5914

ISDALSTØ